

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 26.10.2020, kl. 09:30-14:55

MØTESTAD: Thon Hotell Førde, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

.....

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem (forfall kl. 12:00-13:30)
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

Forfall

Ivar Eriksen	Medlem
--------------	--------

Deltakarar frå administrasjonen

Anne Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Børge Stavland, avdelingssjef Radiologisk avdeling
Arne Skjelten, HR-direktør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Evy-Helen Helleseeth, fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Runar Tengel Hovland, forskar, Ph.d.

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
056/2020	Godkjenning av innkalling og dagsorden
057/2020	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 02.09.2020
058/2020	Administrerande direktør si orientering
059/2020	Rapportering frå verksemda per september 2020
060/2020	Oppnemning av valstyre i samband med val av tilsette sine representantar til styret i Helse Førde HF
061/2020	Utskifting av MR-maskin ved Førde sentralsjukehus
062/2020	Plan for internrevisjonar i Helse Vest og Helse Førde HF 2021-2022
Saker til orientering:	
063/2020	Nye Førde sjukehus – løypemelding
064/2020	Budsjett 2021 – løypemelding
065/2020	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte ved Thon Hotell Førde.

Fagdirektør Hellesteth orienterte om gjeldande smittevernreglar.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Forskar, Ph.d. Runar Tengell Hovland orienterte om:

Kliniske tilbakemeldingssystemer i psykisk helsevern – implementering og praktisering

Bakgrunn frå Norse Feedback er digitalt klinisk tilbakemeldingssystem og for brukarar av psykisk helsevern.

Kvifor benytte kliniske tilbakemeldingssystem:

- Styrke brukarmedverknad og gi betre pasientforløp
- Men det er barrierer og fasilitatorar i implementeringsprosessen

Ei rekke studier viser at kliniske tilbakemeldingssystem virkar på:

- Klientar som er i fare for å bli verre og er sårbar for drop-out
- Kan doble til triple behandlingseffekten på visse pasientgrupper
- Uansett type terapi
- Men, metanalyser nyanserer resultatane frå effektforskning

NORSE (Norwegian Outcome Response System for Evaluation):

I Helse Førde valgte vi eigenutvikla løysing i Klinikk for psykisk helsevern ved Christian Moltu. Dette basert på brukarmedverknad (klientar og klinikarar) og med brukarmedverknad som mål.

Formål var å undersøke implementeringa og bruken av Norse innafor vanleg praksis i psykisk helsevern og korleis ulike partar blei berørt.

Resultata viser at Norse er til gode for pasientane. Spørsmåla bidrar til at pasienten ryddar i tankane, og er meir klar til behandlinga. Det er då lettare å fokusere på samtalen med behandlar.

Korleis få tid til å bruke dette systemet?

Det er ei utfordring for behandlarane å få tid til å ta i bruk Norse i den grad ein ønskjer.

Styret takka for eit interessant innlegg.

Sak 056/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Styremedlem Eriksen hadde meldt forfall.
- Nytt dokument utdelt i møte: «Referat frå møte i felles brukarutval 3. september 2020»
- Etter avslutta styremøte vart det halde eit fellesmøte mellom styret og felles brukarutval.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 057/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 02.09.2020

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 02.09.2020.

Sak 058/2020 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om tilleggspunkt 7. «Personalsaker», som vart unnateke offentlegheit.

I siste møte i Kvalitetsutvalet hadde ein besøk av nytt pasient- og brukarombod, som vil bli invitert til styremøte i Helse Førde HF til våren 2021.

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Korona – status i Helse Førde**

Fagdirektør Helleseeth orienterte om status korona i Helse Førde:

- Totalt 9 innlagde pasientar
- 1 dødsfall
- Veke 40: 1452 analysert, 28 hurtigtestar, 16 positive
- Veke 41: 1696 analysert, 31 hurtigtestar, 12 positive
- Veke 42: 1102 analysert, 19 hurtigtestar, 5 positive
- Veke 43: ca. 1500 analysert, 22 hurtigtestar, 10 positive

Færre utlokaliserte pasientar etter nedskalering av AKM 2. Frå midten av oktober har vi hatt hurtigtest korona tilgjengeleg heile døgnet.

Styret kommenterte oppslag i media om kor mange som var ramma av pandemien i Helse Førde sitt område og det vart stilt spørsmål om kvifor Helse Førde ikkje opplyse rom kva for kommune dei som er smitta kjem frå.

Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om dagens rutine for rapportering om korona, og viste til felles retningslinjer i Helse Vest.

Adm. direktør Varden vil sjå på rutinane i lag med kommunane.

Styret stilte spørsmål om status for belastning for dei tilsette og om restriksjonar for besøkande til sjukehus.

Fagdirektør Helleseeth orienterte om gjeldande besøksrutine i Helse Førde. Pandemien er ei belastning på personale over tid, og vi følger nøye med på dette.

Adm. direktør Varden orienterte om at hygiesjukepleiar frå Helse Førde reiser til Hammerfest sjukehus for å bidra i arbeidet med pandemien.

5. Opning ny dialyseavdeling i Lærdal

Adm. direktør Varden orienterte om opning og markering av ny dialyseavdeling i Lærdal sjukehus 24. september. Den nye dialyseavdelinga har no åtte dialysetolar og utbygginga er i tråd med arealplanen.

6. Innsjekk og betaling

Adm. direktør Varden orienterte om automatar for innsjekk og betaling som er plasserte i vestibylen ved Førde sentralsjukehus. Dette vart innført 1. oktober som nye måtar for å sjekke inn og betale. Ein registrerer frammøte på mobil eller i automatar. Målet er også å innføre dette ved lokalsjukehusa.

Lukka del:

Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd, nr. 1

7. Personalsaker

Open del:

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingar til orientering.

Sak 059/2020 Rapportering frå verksemda per september 2020

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- Innan fag er det generelt ei positiv utvikling
- Beleggsprosenten på sengepostane har gått opp
- Tal fristbrot har gått ned, men vi ligg framleis for høgt
- Etter nedskalering av AKM 2 medio september har tal døgn utlokaliserte pasientar medisinsk avdeling gått ned
- Aktiviteten i september var betre enn budsjett
- Resultatet i september vart eit overskot på 3,8 millionar, som er lik budsjett.
- Til no i år er resultatet eit overskot på 33 millionar, som er 8,4 millionar betre enn budsjett
- Sjukefråværet har gått noko opp dei siste månadane og er i august på 6,5 prosent

Fagdirektør Helleseeth orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Trygg kirurgi, utviklinga syner stabil registrering i bruk av sjekklister på nær opp til 100 %
- Trygg pleie – fall, viser at snittet for HFD var 75 % i september (mot 61 % i førre månad)
- Trygg pleie – ernæring viser også god utvikling
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid, viser 66 for somatikk, 25 for psykisk helsevern vaksne, 44 for psykisk helsevern barn, og 30 for rus
- Fristbrot, viser 199 nye i september
- Belegg på sengepost viser 32 pasientar på korridor i september (er lågt samanlikna med dei andre føretaka)

Styret kommenterte at føretaket har ei gledeleg utvikling på fleire indikatorar.

Adm. direktør Varden fortalde at rapportering synergi blir teke opp i januar 2021.

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Aktiviteten i september vart om lag 70 % av normalaktivitet.

Video- og telefonkonsultasjonar: Det er sterke nasjonale føringar for auka bruk av digitale tenester. Dette har vi fokus på. I september var 6,1 % av konsultasjonane gjennomført ved hjelp av video- og telefon.

Resultat i perioden var eit overskot på 3,8 millionar, som er lik oppdatert budsjett etter Covid-19. Akkumulert resultat er eit overskot på 33 millionar, som er 8,5 millionar betre enn budsjettet.

Samla sjukefråvær i august var 6,5 prosent. Brutto månadsverk i perioden var 2364, og netto månadsverk var 2197, som begge viser auke.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per september 2020 til vitende.

Sak 060/2020 Oppnemning av valstyre i samband med val av tilsette sine representantar til styret i Helse Førde HF

Styremedlem Norevik sa seg inhabil og deltok ikkje ved handsaming av saka.

Oppsummering:

Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med «Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetak og helseforetaks styrer». Val av tilsette-representantar til styret i Helse Førde HF skal vere gjennomført innan utgangen av januar 2021.

Vedtak (samrøystes):

1. Det vert oppnemnd valstyre for val av tilsettere-representantar til styret i Helse Førde HF. Medlemmar av valstyret vert:
 - Arthur Norevik, føretakstillitsvald NSF
 - Hildegunn Borkamo, hovudtillitsvald Dnlf
 - Inger Johanne Sætenes, seksjonsleiar HR-rådgjeving
2. Valstyret vel leiar og nestleiar når valstyret har konstituerande møte. Val av tilsettere-representantar til styret i Helse Førde og styret i Helse Vest vert å gjennomføre på ein best mogleg samordna måte for å utnytte ressursane og avgrense kostnadene så langt dette er mogeleg.
3. Valet tek sikte på å vere gjennomført innan utløpet av februar 2021.

Sak 061/2020 Utsifting av MR-maskin ved Førde sentralsjukehus**Oppsummering:**

Det har over lang tid vore meldt inn behov for å skifte ut den eine MR (magnetresonans) ved Førde sentralsjukehus (FSS). Den eldste MR-maskina er frå 1997, og det er vedvarande problem med driftsstans. Administrerande direktør vurderer at det no er nødvendig å investere i ny MR ved sjukehuset i Førde.

Investeringa er planlagt finansiert med bruk av delar av overskot ut over resultatkrav i 2018 og 2019. Resultatet i 2018 var 57,2 millionar, som var 29,2 millionar betre enn budsjett. I 2019 var resultatet 40,7 millionar, som var 4,7 millionar betre enn budsjett. I tillegg vart det i 2019 gjort ei nedskrivning på 15,2 millionar knytt til bygg, noko som ikkje påverkar bereevna til føretaket i forhold til investeringar.

Vedtak (samrøystes):

Styret gir administrerande direktør fullmakt til å sette i verk kjøp av MR-maskin til Førde sentralsjukehus innanfor ei investeringsramme på inntil 23,5 millionar kroner.

Kjøp av ny MR vert finansiert med delar av overskotet ut over resultatkravet frå åra 2018 og 2019.

Sak 062/2020 Plan for internrevisjonar i Helse Vest og Helse Førde 2021-2022

Oppsummering:

Styret i Helse Førde vert invitert til å vedta revisjonsplan for Helse Førde 2021-2022, og å gje innspel til revisjonsplanen for Helse Vest i same periode. Målet er at dei to planane skal utfylle kvarandre, og at revisjonsprosjekta skal gje læringspunkt til utvikling av føretaka.

Revisjonsplanen til Helse Førde inneheld forslag til ti revisjonar.

- Forsking – etterleving av kvalitetsstyringssystemet for forskning og innovasjon
- Legemiddelhandtering og tilverking av legemiddel
- Bruk av tvang i somatikk
- Informasjonssikkerheit
- Dokumentasjon pasientjournal
- Miljøstyringssystemet
- Internkontroll store byggeprosjekt
- Avvikling tentative timar
- Kvalitetsstyringssystemet
- Svikt i IKT-tenestene i sjukehus og beredskapsplan for handtering av dette.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner plan for internrevisjon i Helse Førde 2021-2022, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.
2. Styret ber om at administrerande direktør sender saka over til Helse Vest som Helse Førde sitt innspel til internrevisjonsplan for Helse Vest 2021-2022, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.

Saker til orientering:

Sak 063/2020 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Dagabygget, nybygg for psykisk helsevern, er i god rute for fysisk ferdigstilling i desember 2020. Prosjektet ligg godt an både på kostnad, kvalitet og framdrift.

Anskaffing for bygging av kommande delprosjekt er klaga inn for KOFA, og uttale vil truleg ligge føre før planlagt kontraktssignering for Livabygget. Vi kan forvente fråsegn frå KOFA tidlegast 7. desember og seinast 14. desember. Vårt tilsvar til KOFA gir ei tydeleg avgrensing av storleiken på kontrakten til Veidekke.

Det er under planlegging ei heildagssamling 7. desember, med eit utval av personell frå driftsorganisasjonen. Samlinga har som mål å trygge funksjonane og løysingane som no ligg inne, samt legge grunnlag for å kunne prioritere innanfor ramma som er sett for Nye Førde sjukehus som heilskap.

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om Nye Førde sjukehus.

Lukka del:

Helseføretakslova § 26 a, 4. og 5. ledd

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til vitende.

Sak 064/2020 Budsjett 2021 - løypemelding

Oppsummering:

Helse Førde er midt i budsjettprosessen og framdrifta er i tråd med planen. Administrerande direktør ønskjer med denne saka å gje styret oppdatert informasjon om budsjettarbeidet for 2021.

Hovudpunkt frå framlegg til statsbudsjett – effekt på Helse Vest:

- Statsbudsjettet legg opp til auka pasientbehandling på 2,3 prosent, kor 0,8 prosent er ekstraordinær aktivitetsvekst for å redusere ventetidene som følgje av covid-19. I førebels inntektsfordeling frå Helse Vest RHF var aktivitetsveksten på 0,6 prosent for Helse Vest. Av dette har Helse Førde 0,1 prosent.
- Avbyråkratiseringsreforma vert vidareført med 0,5 prosent, som utgjer 144,6 millionar for Helse Vest. Investeringsbehovet i bygg, utstyr og IKT er framleis stort i spesialisthelsetenesta. Det er difor framlegg om å auke basisløyvinga, noko som utgjer 108,6 millionar for Helse Vest.
- Helse Vest er foreslått tildelt 610 millionar i auka ramme til ekstrakostnader og smittevernutstyr i samband med covid-19.
- Revidert inntektsfordelingsmodell (Magnussenutvalet) skal innførast over to år. Dette har ein positiv omfordelingseffekt for Helse Vest på 157 millionar i 2021, og ytterlegare 134 millionar i 2022. Helse Vest RHF planlegg å revidere regional inntektsmodell tidleg i 2021 og implementere den i løpet av 2021. det vert gjennomført møter i Helse Vest, med to deltakarar frå kvart føretak.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om prognose 2 og budsjettprosessen.

Styret kommenterte at det er viktig at Helse Vest aukar aktivitetsveksten for Helse Førde i endeleg ramme, i tråd med statsbudsjett for 2021 og forventa resultat av revidert inntektsmodell i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek status budsjett 2021 til vitende.

Sak 065/2020 Eventuelt

Skriv og meldingar

- Referat frå møte i felles brukarutval 3. september 2020

Vedtak (samrøystes):

Styret tok «Skriv og meldingar» til orientering.

Ref. Berit Irene Haarklau
26.10.2020

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen (sett)	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem